



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.: 2015/10633

Vår ref.: 12/281-12

Arkivkode: K1 - 144, K2 - N10

Dato: 17.03.2017

Innspel til regional transportplan 2018-2029

Viser til høyringsbrev for Regions transportplan Hordaland 2018 – 2029 med høyringsfrist 7. april 2017. Granvin herad gjer med dette slikt innspel til planen:

Granvin herad støttar det overordna målet med transportplanen og er særleg glad for at den inneheld mål knytt til sikkerheit og omstilling til lågutsleppssamfunn.

Når det gjeld mål og strategi knytt til fylkesvegnettet meiner me desse ikkje bygger godt nok opp under det overordna målet om eit sikkert transportsystem. Klimaendringane med auka nedbør utfordrar det vestlandske landsskapet, og gjer rassikring meir og meir aktuelt. Sikre vegar mellom tettstadane og grendene er ei føresetnad for busetting i distrikta og for effektive bu- og arbeidsregionar. Granvin herad meiner rassikring av vegnettet må inn som konkret mål med tydelege strategiar i planen.

Granvin herad er merksam på at prioriteringane i det nasjonale rassikringsprogrammet blir lagt fram saman med handlingsplanen til regional transportplan hausten 2017, men me meiner rassikring er eit så sentralt tema at det bør inn i den regionale strategien. I Klima i Norge sin rapport Kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing frå 2015 skisserer dei opp den sannsynlege nedbørsauken som fylgjer av klimaendringane, vidare seier det at

Skredfaren er sterkt knyttet til lokale terrengforhold, men været er en viktig utløsningsfaktor. I bratt terreng vil klimautviklingen særlig kunne gi økt hyppighet av skred som er knyttet til kraftig nedbør (KLIMA I NORGE 2100, 2015:12).

I framlegg til transportplan knyter fylkeskommunen klimaendringane opp til behovet for å «sikra og utbetra vegkroppen. Dette inneber ei prioritering av tiltak på drenering, reinsk og grøfter» (RTP 2017:12). Me ser også at vatn i veg kan vere utfordrande, men det er ras frå fjellsidene ned på/over vegen som er den største trusselen for dei vegfarande. Dette må regional transportplan ta høgd for i sin strategi. E16 og den fylkeskommunale omkøyringsvegen fv 7 er svært gode dømer på dette. Det er difor svært viktig at dette blir prioritert i regional transportplan med forankring i overordna mål om sikker veg.

Granvin herad meiner Regional transportplan må ta rassikring inn i sine overordna målformuleringar og strategiar for å spele på lag med nasjonale satsingar og for å sikra dei vegfarande. Dei nasjonale rassikringstrategiane må koma i tillegg til fylkeskommunen sine eige strategiar for rassikring av vegane i Hordaland.



Postadresse:
Postboks 13, 5733 Granvin
Besøksadresse:
Hardangervegen 2581

Telefon:
56 52 40 00
E-post: postmottak@granvin.kommune.no
Internettside: www.granvin.kommune.no

Org.nr.:
844162502
Bankontnr.:
6501 05 67305

Granvin herad ber difor om at fylgjande delmål frå RTP Hordaland 2013-2024 blir vidareført:

*Overordna vegnett skal prioriterast med tiltak som aukar framkome og trafikktryggleik.
Skredutsette strekningar skal prioriterast særskilt*

Med helsing

Ingebjørg Winjum

Ordførar

Telefonnummer: 40403863